



Arkivnr: 2017/15541-4

Saksbehandlar: Bjørn Inge Midtgård

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		18.10.2017
Fylkesutvalet		26.10.2017

**Omlegging til nytt takst- og rabattsystem for bompengeprosjekt i Hordaland -uttale****Samandrag**

Stortinget har gjennom handsaminga av Prop. 1 S Tillegg nr. 2 (2015–2016) vedteke bompengereforma, som mellom anna inneber omlegging til nytt takst- og rabattsystem for bompengeinntrekking. Omlegginga inneber mellom anna fjerning av forskottsinnbetaling med tilhøyrande rabattar og overgang til 20% brikkerabatt for lette køyretøy. For prosjekt som er lagt fram for Stortinget etter 06.11.15, vert rabattane fastsette i samsvar med det nye systemet. For prosjekt som Stortinget har handsama før dette tidspunktet, krev omlegginga til det nye rabattsystemet lokalpolitisk tilslutnad.

Ved behandling av statsbudsjettet for 2017, jf. Prop. 1 S / Innst. 13 S (2016-2017), vart det på kap. 1330 oppretta ein ny post for reduserte bompengeretakstar på riksveg utanfor byområda, med søknadsfrist 1. november 2017. Denne tilskottsordninga er i 2017 aktuell å søka på for Vossapakken, Hardangerbrua, E134 Stordalstunnelen og E39 Os – Bergen.

Statens vegvesen Region vest har utarbeida forslag til nye takstar for dei bompengeprosjekta i Hordaland som er aktuelle for omlegginga til nytt takst- og rabattsystem, inklusive justeringar i takstane i dei prosjekta som er aktuelle for «tilskottsordninga», og sendt forslag til nye takstar og rabattar på høyring i kommunane. Statens vegvesen har i brev frå 19.9.2017 (vedlegg) sendt saka over til Hordaland fylkeskommune for uttale. Statens vegvesen Region vest vil deretter senda saka over til Vegdirektoratet for endeleg godkjenning av nye takstar og eit nytt takst- og rabattsystem.

Fylkesrådmannen er positiv til å legga om takst- og rabattsystemet for bompengeprosjekta i fylket. Standardisering av rabattane med bortfall av forskottsinnbetaling vil redusera innkrevingskostnadane for bompengeselskapa.

**Økonomi:** Takstomlegginga er ikkje føresett å påverka bompengeinntektene og dei fylkeskommunale garantiane.

**Klima:** Takstomlegginga kan gje trafikkendringar. Uklar nettoeffekt.

**Folkehelse:** Ikkje relevant her.

**Regional planstrategi:** Ikkje relevant her.

## Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet sluttar seg til det føreslegne framleggget frå Statens vegvesen Region vest, i brev frå 19.9.2017, til omlegging av takstar- og rabattar, inklusive eit passeringstak på 30 passeringar, for Hardangerbrua og Vossapakken.
2. Fylkesutvalet sluttar seg til det føreslegne framleggget frå Statens vegvesen Region vest, i brev frå 19.9.2017, til omlegging av takstar- og rabattar, utan passeringstak, for Halsnøysambandet og E134 Stordalstunnelen.
3. Fylkesutvalet sluttar seg til det føreslegne framleggget frå Statens vegvesen Region vest, i brev frå 19.9.2017, til omlegging av takstar- og rabattar i Askøypakken, med etterhald om at Askøy kommune sluttar seg til omlegginga.
4. Fylkesutvalet legg til grunn at det nye takst- og rabattsistemet vert gjort gjeldande for den framtidige bompengeinnkrevinga for E39 Bergen – Os.
5. Fylkesutvalet viser til det pågåande arbeidet med ei revidering av Bømlopakken. Fylkesutvalet er samd med Bømlo kommune i at omlegginga av takst- og rabattsistemet for Bømlopakken kan venta til ein revidert Bømlopakke vert vedteke i Stortinget, føresett at dette skjer i god tid før nytt sentralsystem for bompengeinnkreving vert implementert.
6. Fylkesutvalet oppmodar kommunane i Kvammapakken om å vurdera saka på nytt, og å gjera vedtak om omlegging til nytt takst- og rabattsistem innan året.
7. Fylkesutvalet føreset at omlegginga til nye takstar- og rabattar ikkje gjev lågare bompengeinntekter for dei ulike bompengeprosjekta/bompengepakkane, slik at grunnlaget for dei gjeldande garantivedtaka ikkje vert svekka. Fylkesutvalet ber om at takst- og rabattomlegginga vert evaluert om lag eit år etter at endringa er gjennomført.
8. Bompengeselskapa for bompengeprosjekta i Hordaland som er omfatta av «Tilskottssordninga for reduserte bompengetakstar for riksvegar utanfor storbyområda», har søkt om tilskott til reduserte bompengetakstar. Det er eit vilkår for ordninga at bompengeprosjekta vert lagt til eit av dei regionale bompengeselskapene. Fylkesutvalet legg derfor til grunn at selskapa Voss- og omland Bompengeselskap AS, Bergen-Os Bompengeselskap AS og Hardangerbrua AS vert innfusjonerte i Sørvest Bomvegselskap AS, så snart det formelt og praktisk let seg gjera.
9. I tillegg viser fylkesrådmannen til at fylkestinget, i vedtak frå 14.6.2016 om etablering av eit regionalt bompengeselskap, har fastslått at prosjektet E134 Stordalstunnelen, som HFK- økonomiavdelinga er «bompengeselskap» for, snarleg skal overførast til det regionale bompengeselskapet.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Vedlegg

- 1 Omlegging av takst- og rabattsystemet for bompengeinkreving i Hordaland
- 2 Omlegging av takst- og rabattsystemet i igangsatte bompengeprosjekt i Hordaland
- 3 Konsekvenser av bompengereformen for bompengeselskaper utenfor de regionale bompengeselskapene
- 4 Tilskudd til reduserte bompenger utenfor de største byområdene
- 5 Tilskuddsforvaltning - tilskudd til reduserte bompenger utenfor de største byområdene

## Fylkesrådmannen, 3.10.2017

### Bakgrunn

Stortinget har gjennom handsaminga av Prop. 1 S Tillegg nr. 2 (2015–2016) vedteke bompengereforma, som mellom anna inneber omlegging til nytt takst- og rabattsystem for bompengeinnskrevning. Omlegginga inneber mellom anna fjerning av forskottsinnsbetaling med tilhøyrande rabattar og overgang til 20% brikkerabatt for lette kjøretøy. For prosjekt som er lagt fram for Stortinget etter 06.11.15, vert rabattane fastsette i samsvar med det nye systemet. For prosjekt som Stortinget har handsama før dette tidspunktet, krev omlegginga til det nye rabattsistemmet lokalpolitisk tilslutnad.

Ved behandling av statsbudsjettet for 2017, jf. Prop. 1 S / Innst. 13 S (2016-2017), vart det på kap. 1330 oppretta ein ny post for reduserte bompengeretakstar på riksveg utanfor byområda, med søknadsfrist 1. november 2017. Denne tilskottsordninga er i 2017 aktuell å søka på for Vossapakken, Hardangerbrua, E134 Stordalstunnelen og E39 Os – Bergen.

Statens vegvesen Region vest har utarbeida forslag til nye takstar for dei bompengeselskapa i Hordaland som er aktuelle for omlegginga til nytt takst- og rabattsistem, inklusive justeringar i takstane i dei prosjekta som er aktuelle for «tilskottsordninga», og sendt forslag til nye takstar- og rabattar på høyring i kommunane. Statens vegvesen har i brev frå 19.9.2017 (vedlegg) sendt saka over til Hordaland fylkeskommune for uttale. Statens vegvesen Region vest vil deretter senda saka over til Vegdirektoratet for endeleg godkjenning av nye takstar og eit nytt takst- og rabattsistem.

### Omlegging til nye takstar

Målet med omlegginga er å redusera driftskostnadane for bompengeselskapa og å gjera bompengesistemmet meir brukarvenleg for bilistane. Det nye takst- og rabattsistemmet inneber at:

- Tilleggsavtalar for å oppnå lokal rabatt vert avvikla.
- Takstgruppene vert endra slik at personbilar i kjøretøykategorien M1 i Autosys vert lagt til takstgruppe 1. (dvs. lettbil -takst for bobil).
- Det vert gjeve 20 pst. rabatt for kjøretøy i takstgruppe 1 som er utstyrt med elektronisk brikke. Rabatten kan kombineres med passeringstak og timesregel. Det vil ved omlegginga kunna leggast til grunn utvida bruk av passeringstak og timesregel.
- Den samla omlegginga skal ikkje innebera ei kostnadsovervelting frå lette til tunge kjøretøy.
- Omlegginga til nytt takst- og rabattsistem skal gjennomførast utan å auka den statlege andelen i finansieringa av bompengeselskapa.

I det nye sentralsistemmet som erstattar CS Norge, og som skal vera på plass seinast juni 2019, vert det ikkje lagt opp til forskottsbaserte rabattar. I brev frå Vegdirektoratet frå 10.5.2017:

*«I de nye systemløsingene som er under utvikling, vil mulighet for forskuddsbaserte rabatter derfor ikke inngå som funksjonalitet. Prosjekt som viderefører forskuddsbaserte avtaler må dekke hele kostnaden ved å ivareta muligheten for forskuddsbaserte rabatter.»*

*Bompengeselskap som beslutter å videreføre forskuddsbaserte rabatter vil behøve en alternativ løsning for å håndtere dette når dagens CS Norge kontrakt utløper. Det er på nåværende tidspunkt ikke avklart hvordan dette skal løses og hva kostnaden knyttet til dette vil være. I tråd med prinsippet om at det ikke skal forekomme kryss-subsidiering mellom bompengeselskapa, vil kostnadene knyttet til denne løsningen i sin helhet måtte dekkas av de selskapene/prosjektene der ordningen med forskuddsbaserte rabatter videreføres. Dette vil trulig medføre økte driftskostnader når det blir færre å dele de faste og løpende systemkostnadene med. Vegdirektoratet anbefaler derfor alle bompengeselskaper å erstatte forskuddsbaserte rabatter med etterskuddsavtalar.»*

### Tilskottsordninga for reduserte bompengeretakstar på riksveg

Målgruppa for tilskottsordninga for reduserte bompengeretakstar er bompengeselskapt på riksveg med unnatak av områda/byane som i dag mottek tilskott gjennom belønningsordninga for betre kollektivtransport mv. (kap. 1330, post 61) og belønningsmidlar til bymiljøavtalar. Ordninga er søknadsbasert og det er sett av

502,8 mill. kr. for 2017. For å verta omfatta av ordninga er det sett som vilkår at:

- ✓ Det aktuelle bompengeprosjektet vert lagt til eit av dei regionale bompengeselskapa.
- ✓ Takstane og rabattane for bompengeprosjektet vert lagt om i samsvar med den nye takst- og rabattstrukturen som vart fastsett ved stortingsbehandlinga av Prop. 1 S Tillegg 2 (2015-2016)/Innst. 13S (2015-2016).
- ✓ Gjennomsnittstakstane vert redusert med minimum 10 prosent.

Før tilskottet kan utbetalast må det ligga føre eintydige vedtak fra berørte kommunar og fylkeskommunar om at prosjektet skal legga om til ny takst- og rabattstruktur i tråd med Prop. 1 S Tillegg 2 (2015-2016), vedtak frå selskapet sine eigalar om at selskapet går inn i eit av dei regionale bompengeselskapa og søknad fra bompengeselskapet om å setja ned takstane med minst 10 prosent. Søknaden om takstendring må vera godkjent av lånegarantisten(e). For det enkelte året vil det berre bli gitt utbetaling av tilskott til prosjekt der innkrevinga pågår. Det betyr at prosjekt som er gitt tilsegn om tilskott men der innkrevinga enno ikkje har starta opp, vil få første utbetaling ved oppstart av innkrevinga. For å få utbetalt tilskott for 2017, må kopi av ovanfor nemte vedtak og godkjent takstsøknad sendast til Vegdirektoratet innan 1. november 2017. I Hordaland er sum mogleg tilskottsbeløp for 2017 19 mill.kr.:

Aktuelle prosjekt	Berekna tilskottsbeløp	Første gangs utbetalingsår, føresett tilslutnad	Utbetaling i 2017, føresett tilslutnad
Hardangerbrua	9 mill.kr.	2017	9 mill.kr.
Vossapakko	8 mill.kr.	2017	8 mill.kr.
E39 Os- Bergen	22 mill.kr	2021	-
E134 Stordalstunnelen	2 mill.kr.	2017	2 mill.kr.

Held ordninga fram som føresett, vil sum mogleg tilskottsbeløp til bompengeprosjekt i Hordaland auka med 22 mill.kr. fom. 2021. Samferdselsdepartementet har 8.9.2017 lagt ut ein oversikt<sup>1</sup> med status for søknadsprosessen. Her er eit Hordalands- uttrekk frå tabellen:

Selskap	Søkt JA/NEI	Totalt over perioden, mill.kr.	Prosjektet har fått tilsegn om tilskott	Føresetnad 1: Tilslutning til å inngå i regionalt selskap	Føresetnad 2: Lokalpolitiske vedtak om omlegging til nytt takst- og rabattsystem	Føresetnad 3: Søknad om takstnedsetting med godkjenning frå garantisten er oversendt VD
Hardangerbrua AS	JA	105	JA	JA	-	-
E134 Stordalstunnelen (HFK ØK.AVD.)	JA	30	JA	JA	-	-
Voss og omland bompengeselskap AS	JA	57	JA	-	-	-
Bergen-Os Bompengeselskap AS	JA	411	JA	JA	-	-

### Takstframlegg

Statens vegvesen Region vest har våren 2017 rekna ut nye takstar for aktuelle bompengeprosjekt i Hordaland. Oversikt over nye takstar framlagt for lokalpolitisk behandling:

Prosjekt/pakke	Dagens takstsysten		Nytt takstsysten		Nytt system med tilskott	
	Lette	Tunge	Takstgruppe 1	Takstgruppe 2	Takstgruppe 1	Takstgruppe 2
Askøyrapakken	26	52	28	46		
Bømlopakken	80	160	59	103		
E134 Åkrafjorden	43	86	46	62	41	56
Halsnøysambandet	100	320	94	259		
Hardangerbrua	150	600	153	468	138	421
Kvammapakken	47	94	46	71		

<sup>1</sup> Sjå: <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/na-reduseres-bompengetakstene-utenfor-byomradene/id2570144/>

Vossapakken	47	94	48	74	40	62
E39 Bergen - Os	Takstar vert fastsette når det nærmar seg oppstart av innkrevinga.					

Tilbakemeldingar frå den lokalpolitiske behandlinga har vist eit behov for å finna avbøtande tiltak for bortfall av store rabattar for pendlarar og anna lokaltrafikk. Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune har rekna på nye takstar ved innføring av eit passeringfritak på 30 passeringar.

Samanstilling av forslag til nye bompengetakstar med passeringstak og tilskott:

	Takstsysten med passeringstak på 30 passeringar					
	Dagens takstsysten		Nytt takstsysten		Nytt system med tilskott	
Prosjekt/pakke	Lette	Tunge	Takstgruppe 1	Takstgruppe 2	Takstgruppe 1	Takstgruppe 2
Askøypakken	26	52	28	46		
Bømlopakken	80	160				
E134 Åkrafjorden	43	86	50	90	45	81
Halsnøysambandet	100	320	143	393		
Hardangerbrua	150	600	166	495	149	446
Kvammapakken	47	94	53	79		
Vossapakken	47	94	48	72	43	65
E39 Bergen - Os	Takstar vert fastsette når det nærmar seg oppstart av innkrevinga.					

Tabellane ovanfor viser takstar før rabattar.

### Lokalpolitisk handsaming

#### Askøypakken

Askøy kommune har meldt tilbake til Statens vegvesen at saka vil bli behandla i kommunestyret i oktober 2017.

#### Bømlopakken

Bømlo kommunestyre behandla saka i møte 19.06.2017 og gjorde følgjande vedtak:

1. *Bømlo kommune ønskjer ikkje at takst- og rabattsystemet for Bømlopakken skal endrast no.*
2. *Bømlo kommune innstiller på at dagens takstar vert vidareført fram til Bømlopakke II kan realiserast – etter planen hausten 2018.*
3. *Nye takst og rabattretningslinjer blir lagt til grunn i arbeidet med å få på plass Bømlopakke II slik at dei nye retningslinjene vert etablert frå hausten 2018.*

#### E134 Åkrafjorden

Etne kommunestyre behandla saka om E134 Åkrafjorden i møte 24.05.2017 og gjorde følgjande vedtak:

1. *Etne kommune ber om at ny takst- og rabattordning vert innført for E134 Åkrafjorden. Dagens tilleggsavtalar for å oppnå lokal rabatt vert avvikla.*
2. *Det vert innført ein rabatt på 20 pst. for kjøretøy i takstgruppe 1 med elektronisk brikke og gyldig brikkeavtale. Det vert ikkje gitt rabatt for kjøretøy i takstgruppe 2.*
3. *Takstene vert sett til (2017-kroner):*  
Kr. 46,- for takstgruppe 1  
Kr. 62,- for takstgruppe 2
4. *Dersom bompengeselskapet søker og får innvilga tilskot frå tilskotsordninga vert nye takster kr. 41,- for takstgruppe 1 og kr. 56,- for takstgruppe 2.*
5. *Dagens ordning utan passeringstak vert vidareført.*
6. *Gjeldande fritaksordning vert ståande uendra.*

### Halsnøysambandet

Kvinnherad kommunestyre vedtok i møte 22. juni å utsetja behandlinga av takst- og rabattsistemmet i Halsnøysambandet. Kommunestyret handsama 28. september saka «Omlegging av takst og rabattsistemmet for Halsnøysambandet 59/17» og gjorde slikt vedtak:

- «1. Kvinnherad kommune ber om at ny takst- og rabattordning vert innført i Halsnøysambandet.
- Dagens tilleggsavtalar for å oppnå lokal rabatt vert avvikla.
- 2. Det vert innført ein rabatt på 20 prosent for køyrety i takstgruppe 1 med elektronisk brikke og gyldig brikkeavtale.
- 3. Takstane vert sett til (2017 - kroner)
- Kr 94 for takstgruppe 1
- Kr 259 for takstgruppe 2
- 4. Dagens ordning utan passeringstak vert videreført.»

### Hardangerbrua

Ulvik herad behandla sak om endra takstar for Hardangerbrua 14.06.2017 og gjorde følgjande vedtak:

1. Ulvik herad kan ikkje godta ei omlegging av takst- og rabattsistemmet slik dette er skissert, då det medfører for store endringar i høve dagens takst- og rabattordning.
2. Ulvik herad ber Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen om å gå i dialog om takst- og rabattordninga for å ivareta behovet for lokaltrafikk på ein betre måte enn det framlegget som no ligg føre.
3. Ulvik herad er positiv til at Hardangerbrua As går inn i eit nytt regionalt bompengeselskap under føresetnad av at pkt. 1 og 2 vert imøtekome.

Granvin herad behandla saka i kommunestyret 16.06.2017 og gjorde følgjande vedtak:

1. Granvin herad stiller seg positiv til at bompengeselskapa i vår region går inn i det regionale bompengeselskap.
2. Granvin herad stiller seg undrande til at nytt takst- og rabattsistem ikkje på ein betre måte ivaretek behovet for rabattar for pendlarane og anna lokaltrafikk, og vil ikkje kunne stille seg bak den skisserte omlegginga.
3. Granvin herad oppmodar Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen om finne løysingar i takst- og rabattsistemmet som på ein betre måte ivaretek behovet for lokaltrafikk mellom kommunane.

Eid fjord kommunestyre behandla saka i møte 19.06.2017 og gjorde følgjande vedtak:

1. Eidfjord kommune meiner at nytt takst- og rabattsistem ikkje på ein god nok måte ivaretek behovet for rabattar for pendlarane og anna lokaltrafikk, og vil ikkje kunne stille seg bak den skisserte omlegginga. Eidfjord kommune oppmodar Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen om finne løysingar i takst- og rabattsistemmet som på ein betre måte ivaretek behovet for lokaltrafikk mellom kommunane.
2. Under føresetnad av at takst- og rabattsistemmet vert tilpassa trafikkantar som beskrive over er Eidfjord kommune positiv til at bompengeselskapa i vår region går inn i det regionale bompengeselskapet.

Ullensvang heradsstyre behandla saka i møte 26.06.2017 og gjorde følgjande vedtak:

1. Ullensvang herad stiller seg positiv til at bompengeselskapa i vår region går inn i det regionale bompengeselskapet, men det er ein føresetnad at noverande rabattordning vert videreført.
2. Ullensvang herad stiller seg undrande til at nytt takst- og rabattsistem ikkje på ein betre måte ivaretek behovet for rabattar for pendlarane og anna lokaltrafikk, og vil ikkje kunne stille seg bak den skisserte omlegginga.
3. Lokal trafikk både internt i heradet og pendlartrafikk som har 50% rabatt er ein stor del av trafikkgrunnlaget pr i dag. Denne trafikken vert særleg tyngre belasta med den nye modellen. Me kan ikkje akseptera at Hardangerbrua og Vossapakka som ein del av ei Aust-Vestsamband i større grad skal over på lokal finansiering.

4. *Ullensvang herad oppmodar Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen om å finna løysingar i takst- og rabattsystemet som på ein betre måte ivaretak behovet for lokaltrafikk mellom og internt i kommunane.*

Voss kommune behandla saka i møte 30.08.2017 og gjorde følgjande vedtak gjeldande Hardangerbrua:

1. *Voss kommune er positiv til at bompengeselskapa Hardangerbrua og Vossapakka vert lagt til det regionale bompengeskapet Sør Vest på følgjande vilkår; Det vert innført ordning med passeringstak som sikrar at lokale trafikantar med forskotsbaserte rabattar ikkje kjem dårlegare ut enn med dagens ordning.*

Kvam kommune har meldt til Statens vegvesen at kommunen ikkje legg fram eiga sak om Hardangerbrua, men viser til vedtak fatta 15.06.2017 av Hardangerrådet:

*«Den føreslegne omlegginga av takst- og rabattsystemet vil ramma pendlarar og annan lokaltrafikk i så stor grad at Hardangerrådet ikkje kan akseptera at det nye systemet vert innført slik det er føreslege. Hardangerrådet oppmodar Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen om finna løysingar i takst- og rabattsystemet som på ein betre måte ivaretak hensynet til kostnadsnivå for pendlarar og annan lokaltrafikk som jamleg passerer ein eller fleire av bompengestasjonane i Hardanger.»*

*Under føresetnad av at takst- og rabattsystemet vert tilpassa trafikkantar som beskrive over er Hardangerrådet positiv til at bompengeselskapa i vår region går inn i det regionale bompengeskapet.»*

Statens vegvesen har ikkje mottatt vedtak frå Bergen kommune.

#### Kvammapakken

Kvam herad behandla sak om Kvammapakken i møte 15.06.2017 og gjorde følgjande vedtak:

*«Kvam herad tilrår at ny takst- og rabattordning ikkje vert innført i Kvammapakken. Noverande tilleggsavtalar for å oppnå lokal rabatt vert dermed ikkje avvikla.  
Rådmannen får i oppgåve å ta kontakt med Hordaland fylke for å avklara avbøtande tiltak ved eventuell innføring av nytt takst- og rabattordning.»*

Granvin herad behandla saka i kommunestyret 16.06.2017 og fatta følgjande vedtak:

1. *Granvin herad stiller seg positiv til at bompengeselskapa i vår region går inn i det regionale bompengeskap.*
2. *Granvin herad stiller seg undrande til at nytt takst- og rabattsystemet ikkje på ein betre måte ivaretak behovet for rabattar for pendlarane og anna lokaltrafikk, og vil ikkje kunne stille seg bak den skisserte omlegginga.*
3. *Granvin herad oppmodar Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen om finne løysingar i takst- og rabattsystemet som på ein betre måte ivaretak behovet for lokaltrafikk mellom kommunane.*

Samnanger kommune handsama saka i kommunestyret 20.9.2017 og gjorde følgjande vedtak:

*«Samnanger kommune stiller seg bak forslaget om å endre takstane i Kvammapakken i tråd med regeringa sitt forslag om å innføre nytt takst- og rabattsystemet omtalt i Prop. 1 S Tillegg 2 / Innst. 13 S (2015-2016).»*

1. *Samnanger kommune vedtek at ny takst- og rabattordning vert innført i Kvammapakken. Dagens tilleggsavtale for å oppnå lokal rabatt i vert avvikla.*
2. *Det vert innført ein rabatt på 20 pst. for køyretøy i takstgruppe 1 med elektronisk brikke og gyldig brikkeavtale. Det vert ikkje gjeve rabattar for køyretøy i takstgruppe 2.*

*3. Takstane vert sett til (2017-kroner): Kr. 46 for takstgruppe 1. Kr. 71 for takstgruppe 2 4. Dagens ordning utan passeringstak vert vidareført.»*

#### **Vossapakken**

Granvin herad behandla saka i kommunestyret 16.06.2017 og gjorde følgjande vedtak:

1. *Granvin herad stiller seg positiv til at bompengeselskapa i vår region går inn i det regionale bompengeselskapet.*
2. *Granvin herad stiller seg undrande til at nytt takst- og rabattsystem ikkje på ein betre måte ivaretak behovet for rabattar for pendlarane og anna lokaltrafikk, og vil ikkje kunne stille seg bak den skisserte omlegginga.*
3. *Granvin herad oppmodar Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen om finne løysingar i takst- og rabattsystemet som på ein betre måte ivaretak behovet for lokaltrafikk mellom kommunane.*

Vaksdal kommune behandla saka i møte 26.06.2017 og gjorde følgjande vedtak:

*Vaksdal kommune stiller seg positiv til at bompengeselskapa i vår region går inn i det regionale bompengeselskapet. Vaksdal kommune meiner at nytt takst- og rabattsystem på ein betre måte må ivareta behovet for rabattar for pendlarane og anna lokaltrafikk, og oppmodar Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen om finne løysingar i takst- og rabattsystemet som på ein betre måte ivaretak behovet for lokaltrafikk mellom kommunane.*

Voss kommune behandla saka i møte 30.08.2017 og gjorde følgjande vedtak:

1. *Voss kommune er positiv til at bompengeselskapa Hardangerbrua og Vossapakka vert lagt til det regionale bompengeselskapet Sør Vest på følgjande vilkår; Det vert innført ordning med passeringstak som sikrar at lokale trafikantar med forskotsbaserte rabattar ikkje kjem därlegare ut enn med dagens ordning.*
2. *Kommunane Granvin og Voss vil, i samarbeid med Statens vegvesen, søkje om å få flytte bomstasjonen i Granvin til ny kommunegrense mot Ulvik.*

Vik kommune behandla saka i møte 14.09.2017 og gjorde følgjande vedtak:

*«Vik kommune stiller seg positiv til, og har ikkje merknad til dei føreslegne endringane i takst- og rabattsystem for Vossapakken. Vik kommune stiller seg likevel bak innspela frå dei andre kommunane i selskapet om at lokale trafikantar ikkje må koma därlegare ut enn med dagens ordning. Vik kommune har heller ikkje merknad til at det eksisterande bompengeselskapet som administrerer Vossapakken vert lagt til det nye regionale bompengeselskapet.»*

#### **Fylkesrådmannen sine merknader**

Fylkesrådmannen er positiv til å legga om takst- og rabattsystemet for bompengeprosjekta i fylket. Standardisering av rabattane med bortfall av forskottsinnbetaling vil redusera innkrevingskostnadane for bompengeselskapa. Forskottsordningane er systemmessig komplekse, noko som aukar kostnader og omfanget på naudsynte systemløysingar. Det er også meir brukarvenleg med einsarta system, der ein slepp å betala inn store forskottsbeløp til ulike bompengeselskap for å få rabattar i fleire anlegg.

Fylkesrådmannen har likevel merka seg at fleire kommunar og bompengeselskap er skeptiske til å redusera rabattane frå opp mot 40% og 50%, ved forskottsinnbetaling i enkelte bomanlegg, til 20% brikkerabatt, fordi ein del reisande, særleg lokalt trafikkerande, vil tapa på ei slik omlegging. Fleire kommunar har i uttaleane sine oppmoda fylkeskommunen og Statens vegvesen om å finna løysingar i takst- og rabattsystemet som på ein betre måte ivaretak hensynet til kostnadsnivå for pendlarar og anna lokaltrafikk som jamleg passerer.

Passeringstak vil kunna verka avbøtande for pendlarane. Fylkesrådmannen er generelt positvt innstilt til å nytta passeringstak i dei prosjekta kor kommunane ønskjer det og/eller har bedt om at pendlarane vert prioriterte.

### **Riksvegbompengeprosjekt som er omfatta av «tilskottsordninga»**

Desse prosjekta hastar det mest med å vedta omlegging til nytt takst- og rabattsysteem, grunna søknadsfristen inn til Vegdirektoratet, som er 1. november:


#### Prosjekt med pågående innkreving:

##### Vossapakken

Kommunane Granvin, Vaksdal og Vik og Ullensvang (som ikkje er omfatta av Vossapakken) har med litt ulike formuleringar bedt om ordningar som prioriterer «lokale trafikantar» og pendlarar. Voss kommune har bedt om at det vert innført ordning med passeringstak som sikrar at lokale trafikantar med forskotsbaserte rabattar ikkje kjem dårlegare ut enn med dagens ordning.

I Vossapakken vil eit passeringstak på 30 passeringar i månaden gje eit utlegg for lett bil på maksimalt kr. 1032 per månad, føresett at Vossapakken får tilskott frå «tilskottsordninga». I dagens ordning, med maksimal rabatt, vil utlegget passera dette beløpet etter 44 passeringar, noko som tilsvarar reise til /frå jobb pluss nokre fritidsreiser (sjå kryssingspunktet blå linje/grå linje i grafen nedanfor). Passeringstaket gjer at pendlarar og storbrukarar, som ofte er dei lokale trafikkantane, får lågare utlegg enn før.


*Illustrasjon - samla utlegg ved passeringar i Vossapakken: ved ulike takst-og rabattsysteem:*



Fylkesrådmannen rår til at fylkesutvalet sluttar seg til det føreslegne framlegget frå Statens vegvesen Region vest til omlegging av takstar- og rabattar, inklusive eit passeringstak på 30 passeringar, i Vossapakken. Men bilstar som har få passeringar får større utlegg enn i det eksisterande takst- og rabattsystemet.

##### Hardangerbrua

Kommunane Ulvik, Ullensvang og Eidfjord, har med litt ulike formuleringar bedt om ordningar som prioriterer «lokale trafikantar» og pendlarar og Voss kommune har bedt om at det vert innført ordning med passeringstak som sikrar at lokale trafikantar med forskotsbaserte rabattar ikkje kjem dårlegare ut enn med dagens ordning.



For Hardangerbrua vil eit passeringstak på 30 passeringar i månaden gje eit utlegg for lett bil på maksimalt kr. 3576 per månad, føresett at Hardangerbrua får tilskott frå «tilskottsordninga». I dagens ordning, med maksimal rabatt, vil utlegget passera dette beløpet etter 48 passeringar, noko som tilsvarar reise til /frå jobb pluss nokre fritidsreiser (sjå kryssingspunktet blå linje/grå linje i grafen nedanfor). Passeringstaket gjer at pendlarar og storbrukarar, som ofte er dei lokale trafikkantane, får lågare utlegg enn før. Men bilistar som har få passeringar får større utlegg enn i det eksisterande takst- og rabattsystemet.

Fylkesrådmannen rår til at fylkesutvalet sluttar seg til det føreslegne framlegget frå Statens vegvesen Region vest til omlegging av takstar- og rabattar, inklusive passeringstak for 30 passeringar, for Hardangerbrua.

#### E134 Åkrafjorden

Etne kommune har gått inn for at dagens ordning utan passersifritak vert vidareført. Fylkesrådmannen tilrår fylkesutvalet å støtta det føreslegne framlegget frå Statens vegvesen Region vest, i brev frå 19.9.2017, til omlegging av takstar- og rabattar E134 Stordalstunnelen.

Prosjekt der innkrevinga ikkje har starta enno:

#### E39 Os - Bergen

Bompenegeinkrevinga til ny E39 Bergen - Os startar ikkje før i 2022. I Prop. 134 S (2013–2014) står det at endeleg forslag til takst- og rabattsystemet vil bli lagt fram for fylkeskommunen og dei to kommunane før Statens vegvesen Vegdirektoratet fattar takstvedtak. I proposisjonen vart det føresett 10% brikkerabatt. Fylkesrådmannen legg til grunn at det nye takst- og rabattsystemet vert nytta for E39 Rådal – Svegatjørn.

#### **Fylkesvegbompenegeprosjekt/pakkar (er ikkje omfatta av tilskottsordninga og fristen 1. november)**

#### Kvammapakken

Kvam herad og Granvin herad ønskjer ikkje å legga om takst- og rabattsystemet i Kvammapakken. Samnanger kommune vil leggja om til nytt takst- og rabattsystemet, men ønskjer ikkje passeringstak. Fylkesrådmannen ser på Kvammapakken først og fremst der biltrafikk heimehøyrande i Kvam vert belasta bompengesystemet, og vil særleg vektleggja Kvam herad sitt syn på omlegginga av takst- og rabattsystemet. Kommunestyret i Kvam har gjeve rådmannen i oppgåve å ta kontakt med fylkeskommunen for å avklara avbøtande tiltak. Passeringstak kan vera eit slikt avbøtande tiltak. Kvammapakken er ikkje omfatta av «tilskottsordninga» og fristen 1.november. Fylkesrådmannen oppmodar kommunane i Kvammapakken om å vurdera omlegginga på nytt innan året.

### Askøypakken

Nytt takst- og rabattsystem i Askøypakken inneber ei justering av brikkerabatten frå 10% til 20% og fjerning av forskottsinnbetalinga som gir 20% rabatt. Askøypakken har eit passeringstak på 30 passeringar. Askøy kommune har per i dag ikkje gjeve uttale til omlegginga. Fylkesrådmannen ser på denne omlegginga som ei mindre justering og sluttar seg til det føreslegne framlegget frå Statens vegvesen Region vest, i brev frå 19.9.2017, til omlegging av takstar- og rabattar for Askøypakken, med etterhald om at Askøy kommune sluttar seg til omlegginga.

### Bømlopakken

Det er uklårt om og kor tid eit revidert opplegg for Bømlopakken vil bli vedteke i Stortinget. Fylkesrådmannen er samd med Bømlo kommune i at omlegginga av takst- og rabattsistemet for Bømlopakken kan venta til ein revidert Bømlopakke vert vedteke i Stortinget, føresett at dette skjer i god tid før nytt sentralsystem for bompengeinkreving vert implementert.

### Halsnøysambandet

Fylkesrådmannen viser til vedtaket i Kvinnherad kommune 28.9.2017, der kommunestyret sluttar seg til det føreslegne framlegget frå Statens vegvesen Region vest, i brev frå 19.9.2017, til omlegging av takstar- og rabattar, utan passeringstak, for Halsnøysambandet. Fylkesrådmannen tilrår fylkesutvalet å slutta seg til denne omlegginga.

### Jondalstunnelen

Brev til kommunane om omlegging av takst- og rabattsistemet for Jondalstunnelen vart først sendt ut frå Statens vegvesen 29.09.2017. Fylkesrådmannen vil koma tilbake med ei sak om uttale etter at kommunane har handsama saka.

### ***Bompengeselskapa i «tilskottsordninga»***

Bompengeselskapa for bompengeprosjekta i Hordaland som er omfatta av «Tilskottsordninga for reduserte bompengetakstar for riksvegar utanfor storbyområda», har søkt om tilskott til reduserte bompengetakstar. Det er eit vilkår for ordninga at bompengeprosjekta vert lagt til eit av dei regionale bompengeselskapene. Hordaland fylkeskommune har aksjemajoritet i alle selskapa som er omfatta av «tilskottsordninga». Fylkesrådmannen legg til grunn at selskapa Voss- og Omland Bompengeselskap AS, Bergen-Os Bompengeselskap AS og Hardangerbrua AS vert innfusjonerte i Sørvest Bomvegselskap AS, så snart det formelt og praktisk let seg gjera dvs. etter at Sørvest Bomvegselskap AS har inngått bompengeavtale med Samferdselsdepartementet, noko ein forventar vil bli gjort i løpet av oktober månad.

I tillegg viser fylkesrådmannen til at fylkestinget, i vedtak frå 14.6.2016 om etablering av eit regionalt bompengeselskap har fastslått at prosjektet E134 Stordalstunnelen, som HFK- økonomiavdelinga er «bompengeselskap» for, snarleg skal overførast til det regionale bompengeselskapet.